

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Hilde Reitan, Tove Leinslie

Gro Marie Svidal – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes - dagleg leiar, , Olaug Furusæter, Ingrid S. Stuhaug, Anbjørg M. Bergwitz, Liv Annette Nygjerdet, Øyvind Sandum og Audun S. Hole (berre dag 1).

Tid: Tysdag 13. kl. 13.30- onsdag 14. desember kl. 09.00-16.00

Stad: Quality Hotel Skifer på Oppdal

Referat

Styresak 2016/50	Innkalling og sakliste
Styresak 2016/51	Langtidsplan og særskilde satsingar
Styresak 2016/52	Landskappleiken: Godkjenning av premiebudsjet, tevlingsplan, billettprisar og påmeldingsavgift.
Styresak 2016/53	Landsfestivalen i gammaldansmusikk: Godkjenning av premiebudsjet, tevlingsplan, billettprisar og påmeldingsavgift.
Styresak 2016/54	Evaluering av INTROfolk og vegen vidare
Styresak 2016/55	Gjennomgang av krav om medlemsskap i FolkOrg for alle lag som er medlem i et av våre områdelag.
Styresak 2016/56	Tevlingsreglement – rapport frå arbeidsgruppa
Styresak 2016/57	Tidsplan og kriterium Årets lokallag
Styresak 2016/58	Møteplan for våren 2017
Styresak 2016/59	Evaluering Meisterkonserten
Styresak 2016/60	Førebels evaluering Folkelarm
Styresak 2016/61	Orienteringar, drøftingar og referatsaker
Styresak 2016/62	Frifond-fordeling (alt handsama per e-post)
Styresak 2016/62	Eventuelt

Styresak 2016/50 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2016/51 Langtidsplan og særskilde satsingar

Styret køyrde ein prosess på revidering av Langtidsplan og særskilde satsingar. Administrasjonen innarbeider innspela, og saka kjem opp at i styremøte 2017/01.

Styresak 2016/52 Landskappleiken: Godkjenning av premiebudsjett, tevlingsplan, billettprisar og påmeldingsavgift.

Vedtak:

- a) Påmeldingssavgifta for Landskappleiken 2017 er:
- Vaksne: Første frist kr 300. Andre frist kr 400.
 - Born: Første frist kr 200. Andre frist kr 300.
- b) Billettprisane for Landskappleiken 2017 er:

Gjennomgangsbillett

Onsdag - søndag - medlemmer av Folk Org	kr 750
Fredag(fra 08.00 - søndag) - medlemmer av FolkOrg	kr 600
Onsdag - søndag - ikke medlemmer av Folk Org	kr 900
Fredag(fra 08.00 - søndag) - ikke medlemmer	kr 700
Onsdag - søndag - medlemmer av Folk Org 16- 18 år	kr 550
Fredag(fra 08.00 - søndag) - medlemmer av FolkOrg 16 - 18 år	kr 400
Onsdag - søndag - ikke medlemmer av Folk Org 16-18 år	kr 700
Fredag(fra 08.00 - søndag) - ikke medlemmer 16-18 år	kr 500
Under 16 år	gratis

Dagbilletter 09.00 -02.00

Onsdag	kr 200
Torsdag	kr 250
Fredag	kr 250
Lørdag	kr 250
Søndag	kr 250

Tevlingsbilletter onsdag	kr 100
---------------------------------	--------

Tevlingsbilletter torsdag - fredag kr 150

Konsertbilletter

Nyhus i Fjøsakademiet, fredag kr 250

Heggligubbens siste polsdans, torsdag kr 250

Åpningskonsert og mesterkonsert går inn i gjennomgangsbilletten

Konsert med Nyhus og Heggligubben har egne billetter

Styret har endra dagbilletten for søndag, i praksis konsertbilletten for Meisterkonserten, og dei andre konsertbillettane til kr 250, slik at dei samsvarar med Landsfestivalen . Styret har i tillegg denne merknaden: Styret meiner det ikkje er naudsynt med eigne tevlingsbilletter og oppmodar hovudnemnda for LK 2017 om å vurdere billettane på nytt.

- c) *Premiebudsjett på inntil kr 90 000 er godkjend.*
- d) *Forslag til tevlingsplan for Landskappleiken 2017 vert vedteken med denne endringa;*
 - *Dans fele A bytter plass med dans hardingfele A. Med dette legg vi til rette for at spelemenn som vil delta i spel fele/hardingfele kl A også får tid til å spele til dansepar i dei to danseklassane. I tillegg meiner vi det vert større sjanse for at kongepokalklassa får eit stort publikum.*

Styresak 2016/53 Landsfestivalen i gammaldansmusikk: Godkjenning av premiebudsjett, tevlingsplan, billettprisar og påmeldingsavgift.

Vedtak:

- a) Påmeldingsavgift på Landsfestivalen er:

Senior:

Første påmelding 300kr

Per påmelding vidare 200kr

Junior
Første påmelding 200kr
Per påmelding vidare 0 kr

Etter ein dato aukar avgifta til:

Senior:
Første påmelding 400 kr
Per påmelding vidare 300 kr

Junior
Første påmelding 300 kr
Per påmelding vidare 100 kr

b) Billettprisar Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2017

Gjennomgangsbillett medlem (onsdag – søndag)	750kr
Gjennomgangsbillett ikkje-medlem(onsdag- søndag)	900kr
Gjennomgangsbillett medlem (fredag – søndag)	550kr
Gjennomgangsbillett ikkje-medlem (fredag- søndag)	700kr
Dagsbillett , ons, tors, fred, laurdag	250kr
Konsertbillett	250kr

Barn under 16 år gratis inngang

Styret i FolkOrg oppmodar LF 2017 om å innføre ein ungdomsbillett for dei mellom 16 -18 år, slik dei har på LK2017.

c) Premiebudsjettpå Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2017:

1.plass: 3000kr

2.plass: 2000kr

3.plass: 1000kr

Styret oppmodar om at det berre vert gitt pengepremiar i klassar med finale, slik det står i reglementet. Juniorane får deltakarpremie.

- d) Tevlingsprogrammet for Landsfestivalen 2017 vert vedteke, med desse merknadene;
- Vi oppmodar arrangøren til å ikkje ha dans i teltet samtidig med finalar i soloklassar.
 - Styret oppmodar LF 2017 om å flytte Samspill junior til i forkant av open klasse. Gruppespel må i så fall flyttast fram til kl. 10.
 - Festivalen får fritak for å ha finalar i Open klasse og lagdans.

Styresak 2016/54 Evaluering av INTROfolk og vegen vidare

Vedtak:

- Styret i FolkOrg ønskjer å gjennomføre INTROfolk under føresetnad av at vi klarer å gjennomføre det økonomisk, og at ein får med seg samarbeidspartar.
- Det er tidligast mogleg å ha ny konkurranse i 2018.
- Administrasjonen sjekkar om tilskot til stipend og prosjekttilskot frå GRAMO for 2017 i staden kan nyttast i 2018.
- Dersom vi får godkjenning frå GRAMO om overføring til 2018, går vi i dialog med relevante festivalar om samarbeid om konkurransebiten, og Riksscenen og Folkemusikksentra om et tettare samarbeid kring ei lansering.
- Styret får saka tilbake seinast i styremøte 2017/02.

Styresak 2016/55 Gjennomgang av krav om medlemskap i FolkOrg for alle lag som er medlem i et av våre områdelag.

Vedtak: Administrasjonen går i dialog med SAFFA om å finne ei løysing der vi kan føre inn att gjennomgåande medlemskap i organisasjonen og likevel ha SAFFA med oss vidare som områdelag i FolkOrg. Vi tar opp att saka i styremøte 2017/01.

Styresak 2016/56 Tevlingsreglement – rapport frå arbeidsgruppa

Vedtak.

Styret tek til etterretning resultatet frå spørjeundersøkinga blant medlemmane som vart gjennomført i etterkant av LK og LF, og har følgjande framlegg for landsmøtet 2017:

- Alle klassar på Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk skal rangerast fullt ut.
- Vi held ikkje fram med dommarkommentarar til C-klassane.
- Ny, felles poengskala på 100 poeng vert ført vidare for alle klassar på begge arrangement.

Styresak 2016/57 Tidsplan og kriterium Årets lokallag

Vedtak:

1. Retningslinjer for premie, juryarbeid, utdelingsstad for årets lokallag og reiserekning/overnatting for nominerte vert ikkje endra.
2. Tidsplan vert godkjent.
3. Kriterium for årets lokallag 2017 er: Lokallag som gjer ein vesentleg innsats for at folkemusikken og folkedansen viser att i samfunnet og er en naturlig del av kulturbildet. Det er særleg positivt om det skjer gjennom samarbeid med institusjonar eller andre organisasjonar, og på tvers av sjangrar.

Styresak 2016/58 Møteplan for våren 2017

Vedtak:

Styremøte 2017/01 er sett til 24.januar kl. 10-18

Styremøte 2017/02 er sett til 23. og 24.mars. Møtestart kl. 10. 23.mars, og møteslutt kl. 17, 24.mars.

Styremøte 2017/03 er sett til 23.mai kl. 10-17

Styresak 2016/59 Evaluering Meisterkonserten i Operaen

Styret og administrasjonen evaluerte Meisterkonserten. Hovudkonklusjonen er at den var særst vellukka.

Vedtak:

Framtida for meisterkonserten i Operaen: Vi arrangerer Meisterkonsert annakvart år, men plukkar vinnarar frå kvart års arrangement.

Styresak 2016/60 Førebels evaluering Folkelarm

Styret evaluerte Folkelarm saman med administrasjonen.

Vedtak: Styret får sak om vidare drift av Folkelarm tilbake etter at styringsgruppa for Folkelarm har hatt møte. Men styret gir signal om at dei ønsker Folkelarm også i 2017.

Styresak 2016/61 Orienteringar, drøftingar og referatsaker

- a) Rekneskap
- b) Driftsrapport

- c) Oppdatering frå Kulturalliansen
- d) Eventuelt

Vedtak: : Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:

- a) Administrasjonen får lov til å bruke overskot til nødvendige innkjøp.

Styresak 2016/62 Frifond-fordeling (alt handsama per e-post)

Vedtak: Forslaget til fordeling av Frifond organisasjon 2016 blir godkjent. Det var gjort ei endring etter e-posthandsaming, grunna at eit lag trakk søknaden sin. Desse pengane vart gitt i prosjekttilskot til Vågå spel og dansarlag. Vi bør i dei neste Frifond-handsamingane be om rekneskap frå laga og gjere vurderingane ut frå ei behovsprøving.

Styresak 2016/63 Eventuelt